


KULTURORGAN SKADINAUJO



Utsikt frå den fråflytta garden Ruud, lokallag på utflukt. HELLA, SOGN

~~Coaster~~
~~Auto~~
~~PSI~~
KEYStone Reho-SP
Horchburg Sport-SP
~~Hellerup~~
Street SP
OFF 1 b OTR Rims
LUX b-kit
Stry 1 Rims



INTRODUKSJONSHEFTE FOR
LOKALLAG SOGN



S O G N

Det eldste landskapsnamnet som er nytta um landsdelen Sogn [sågn] er "Sogn" eller "Sygnafylki". "Sogn" var eigentleg namnet på Sognefjorden, men seinare vart det overført til heile umrådet rundt. Dette er ganske vanleg at dette skjer over tid. Sogn er ei n-avleiring til gamalnorsk *sūga* dvs *syga*, og fjordnamnet lyt sikta til sterk, sygande straum. "Sygnafylki" tyder på gamalnorsk "Sygnene sitt fylke", og spelar på ein av dei gamle germanske stammane som hadde Sogn som sin heim. Dei var kjende som "Sygner" og var eit storvakse og krigersk folk i følgje gamle skrifter. "Sogn" har òg vore brukt ein del som namn på gardar og umråde tilknytte gardar med "Sogn" i namnet. Tenk her på "Sognsvann" og "Sogn" i Oslo, men det er fleire eksemplar å ta av.

Sogndal [saon'dal] har hatt mange ulike namn opp gjennom tidi, me nemner kort nokre: "*I Soknardall*" heitte det i 1314, men berre 50 år seinare ser me det har endra seg til "*I Sognardall*". Det gamalnorske namnet var ganske sikkert "*Sóknardalr*", der fyrsteleddet må vera eit bortkome elvenamn **Sókn* -> Sokna. Skriftformene frå 1361 og ymse andre tilhøve gjer forklaringi noko uviss. Men me veit sikkert at det har vore busetnad i Sogndalsumrådet heilt attende til yngre steinalder. Det har etter desse slo seg ned mest sannsynleg vore fast busetnad der heile vegen fram til våre dagar.

Sidan foreningi ynskjer å sjå Noreg upprinneleg og historisk inndelt, har me som eit mål at kvart fylke vil ha eit eige representativt lokallag. Dette vil for Sogn sitt vedkomande bety at me etter kvart vil ha lokallag i både indre og ytre Sogn, som vidare dannar fellesskap under Sogn som landsskapsnamn. For å oppnå dette, er me avhengige av at interesserte frå alle Sogn sine bygder melder sitt engasjement. Eit godt samarbeid mellom fylke og lokallag gjev styrke, fellesskap og auka forståing for kulturtillhørighet, dette gjeld også Skandinavia elles.

KulturOrgan Skadinaujo Lokallag Sogn

KulturOrgan Skadinaujo
Pb. 469
6856 Sogndal

Tlf.: (+47) 45 05 17 61

Epost: sogn@kultorg.no

KulturOrgan Skadinaujo Norge

KulturOrgan Skadinaujo
Pb. 20 Blindern
0313 Oslo

Tlf.: (+47) 98 09 16 17

Epost: stab@kultorg.no

Verdensveven: www.kultorg.no

FORENINGEN KULTURORGAN SKADINAUJO

Nedslagsfeltet til KulturOrgan Skadinaujo er ganske stort, og kanskje litt uklårt for nokon. Dette er ganske naturleg, då foreningen vert meir eller mindre ein livsstil for dei involverte etter kvart, og det er faktisk dette som er meinings. Dei mål og den ånd foreningen står for er av integral karakter, ein integral kultur som gjennomtengjer dagleglivet. Dette vil ikkje sei at det vert påtrengjande på noko som helst slags vis. Emneområdi er interessante, naudsynte og oppbyggjande. Det er nettopp det nedbrytande i eit sunt samfunn me freistar å motvirka ved å setja eksempel for det me meiner er eit naturvenleg alternativ for vår kultur og menneskeheit.

Vårt overordna mål er altso å skapa grobotn for ein kultur som i særeigenheit er skandinavisk. Den skal ikkje vera reaksjonær og irrasjonell, men bringa fram att den utrulege kulturmjeldene som kviler på vår landskapsmasse. Skandinavisk kultur er i praksis ikkje-eksisterande, og ein revitalisering eller rekonstruksjon vil for dei aller fleste vera spanande og eksotisk nok, for ikkje å snakka om ei gedigen utfordring. Dette tyder at det krevst betydeleg sjølv læring. Det som vert lært skal deretter formidlast vidare. Poenget er sjølvsagt spreiing av informasjon og opplysningar ein etter kvart har tileigna seg. Forutan om å trykkja bidrag enkeltvis har foreningen eit tidsskrift som vert brukt til forum for millom anna medlemmar av foreningen. Elles blir relevante emner flittig diskutert ved samankomstar, og me har eit stadig veksande nettverk av medlemmar med interesser innan ulike fagfelt.

Eit hovudmoment i foreningens mål er å auka lokalkunnskapen blant våre medlemmar. Det er viktig for den skandinaviske kulturen at lokalkulturen skal få bløma. Det er trass alt dette som gjer det spanande og interessant å ferdast rundt i landi våre, nettopp det at folkelynnnet og skikkar varierar kraftig frå bygd til bygd. Me oppfordrar difor medlemmar til å melda seg inn i lokale historielag, for å auka sin kunnskap om lokalmiljøet. Ved vidare kjennskap til lokale variasjonar forsterkast fundamentet til dei nasjonale og transnasjonale likheitar.

Kalendaren og tidsrekning står utan tvil særslig sentralt i ein kultur. Opp imot kalendaren er det knytt skikkar og seder som ein gong har fylt kvarvarden med mål og meinings. Eit anna mål i arbeidet med å skapa grobotn for skandinavisk kultur er difor oppattretting av skikkar og tradisjonar. Årets gong skal ha

faste merkjedagar som folk kan setja lit til, og kjenna er ein del av deiras identitet. Festivalar av ymse slag har alltid vore ein kulturell måleseinheit, og har på si side hatt enorm betydning for beskrivelsen av ein kultur.

Miljøvern er ei anna sak som står sentralt i foreningen. Forlengje har mesite med hendene i fanget medan pengegriskheit styrer miljøhensyn. Foreningen krev eit strengt ortodoks syn på miljøvern. Me tillet ikkje fleire inngrep i naturen.

For mange medlemmar er friluftsliv ein viktig aktivitet. Ofte vert turar tekne med naturen i seg sjølv som mål eller kombinert med vitjing på historiske og kulturelt interessante stadar. Turar vert som oftast gjennomført i regi av lokallagene sjølv, men me freistar å få til eit par fellesturar i året også, både nasjonalt og skandinavisk. Lokallag seg imillom gjennomfører også treff og besök, både med nærliggjande og dei meir fjerntliggjande lokallag.

Det som står att er det som kanskje står mest sentralt i foreningen: rekonstruksjonen og studiet av anearvi, arvekulturen og arvejordi. Dette avgrensar seg ikkje til Noreg, Sverige eller Danmark, ei heller Nord-Europa som sodan. Her vert studier frå heile Eurasia trekt inn, med vekt på komparativ (samanliknande) kulturforskning. Dette inneber for eksempel studier av lingvistikk, religion og samfunn, ja alt som kan underbyggja og forklara dei overleverte fragment av skandinavisk kultur.

Det er med vyrnad og begeistring at me tek imot denne for oss heilage dåd, å via oss til teneste og delaktigkeit i KulturOrgan Skadinaujo. For me vil tena nokre evige og høgare mål.

Stikkord for KulturOrgan Skadinaujo og Lokallag Sogn

Som forening ynskjer me eit større skandinavisk samarbeid. Dette er viktig om me skal læra våre land å kjenna, og for å auka vår tilhørighet til landmassen. Som eit ledd i denne prosessen gjev me ut eit panskandinavisk blad, med artiklar skrivne på våre tri språk, og arrangerar felles turar, der folk frå våre tri land kan ta del.

Me omtalar oss sjølve som eit kulturorgan. Grunnen til dette er den livsstilen europearane opparbeida seg i laupet av utviklingi til å verta eitt folkeslag, og deretter mange. Til felles hadde me våre uløyselege band millom kultur, religion og politikk. Alt var eitt, og eitt var alt. Dette var integral kultur. Me vil ha ein meir integrert samfunnsstruktur enn det me har i dag.

Kort lista opp er våre mål blant anna:

- Fremja lokalhistorisk kulturinteresse.
- Delaktigheit og revitalisering av kulturpraksis/tradisjonar.
- Fremja skandinavisk kulturforståelse og einheit.
- Fremja natur-, miljø- og kulturvern.
- Få fleire menneske i fysisk og mental aktivitet for å auka trivsel og virka som ein positiv påvirkningsfaktor i vårt nærmiljø.

Nokon av Lokallag Sogn sine aktivitetar:


- Arrangera turar med anten friluftsliv eller kulturminner som mål, eller ein blanding av desse element.
- Arrangera stemne for årlege høgtider og festar.
- Halda førelsesningar om aktuelle emner innan vårt aktivitetsfelt.
- Utgje bladet KulturOrgan Skadinaujo, som er foreningens talerøyr.
- Kartlegging, registrering og studier av kulturminner i nærområdet
- Undersøkjingar og nedskriving av folkloristiske opplysingar
- Skriva artiklar og publisera resultati av dei undersøkjingar og studier me gjer i skandinavisk kultur og andre aktuelle saker

Foreningen vil stå for innkjøp av relatert litteratur i forhold til våre interesser, og me kan på dette viset ha eit utlån av bøker/artiklar som elles kan vera vanskeleg tilgjengelege. Individuelt oppmodar me alle medlemmar om alltid å vera oppmerksame, for viktige opplysningar kan dukka opp når ein minst ventar det!

SUMARSTUR

Sumaren 2003 hadde me her i KulturOrgan Sogn vitjing av ein annan lokalavdeling frå KulturOrgan Romerike. Det er uendeleg mange fantastiske plassar å vitja rett her i våre lokalområder.

Me tok imot våre gjester frå austlandet i Lærdal og reiste vidare til hjartet av Sogn, nemleg Sogndal. Herifrå køyde me vidare utover fjorden, med mål Leikanger og Baldersteinen. Baldersteinen er ein særskjend bautastein i Noreg. Opphavet til steinen er litt uklårt og treng heilt klårt meir undersøkjing. Men ein reknar med at steinen har samanheng med kulti omkring Bálðr, sidan det er fleire namn her i omegn som har Balder i seg. Baldersgrovi, Baldershagen, Baldershaugane og Beldervoll er nokre av dei. Det er truleg at det var ein religiøs kultus kring Balder på denne plassen. Kanskje var det eit Baldershov for eit område større enn Leikanger me hadde her i før-kristen tid? Det er også truleg at steinen har samanheng med eit stort gravrøysområde som var her, men som diverre er øydelagt gjennom dei siste 1000 år med jordbruks- og husreising. Steinen ligg på garden Husabø, som var det gamle hovdingsetet for området. Me gjekk rundt i nærområdet og såg på steinen og gravhaugane som ligg nær ved han. Dette er ein særskjent interessant plass, og det er fleire bautasteinar i området.



Deretter tok me turen ut til Hella for å gå ein tur opp i høgdi. Me gjekk frå ferjekaien og opp gjennom blømmande epletre på veg til den fråflytta garden Ruud. Her oppe er det ein fantastisk utsikt utover Sognefjorden. Der me låg i graset på Ruud denne nydelege dagen kunde me sjå heilt til Fritjof-statua som ligg på Vangsnes. Me låg her i graset og naut solskinet, åt pylser og prata om interessante emner og litt laus prat. Her vart det offisielle KulturOrgan Sogn stifta som ein tradisjonsberar for nye tider med urgamle tradisjonar, her i hjarta av Sogn.